

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2013/444-39

**Saksbehandlar**

Anita Lykkja

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2021/21	Levekårsutvalet	01.09.2021

## Kommunedelplan for kulturminne 2021-2032 - Høyringsutkast

### Innstilling frå kommunedirektøren:

Kvinnherad Levekårsutval vedtek i samsvar med PBL §§ 5-2 og 11-14 å leggja ut Kommunedelplan for kulturminne 2021 – 2032 til høyring i seks veker.

### Saksprotokoll i Levekårsutvalet - 01.09.2021

### Innstilling frå kommunedirektøren:

Kvinnherad Levekårsutval vedtek i samsvar med PBL §§ 5-2 og 11-14 å leggja ut Kommunedelplan for kulturminne 2021 – 2032 til høyring i seks veker.

### Samandrag/Saka gjeld:

Kommunedelplan for kulturminne 2021-2032 skal leggjast fram for høyring (PBL §5-2; Høyring og offentlig ettersyn, og PBL § 11-14; Høyring av planforslag). Plana er laga etter føringar i Kvinnherad kommune sin planstrategi (vedtak/dato) og i planprogram for kulturminne (vedtak/dato).

### Saksutgreiing:

Kommunedelplan for kulturminne 2021-2031 er no klar for å leggjast ut til høyring.

Planen er utforma som ein kommunedelplan som skal handsamast av Levekårsutvalet og Kommunestyret. Planen vert eit politisk dokument, ein arbeidsreiskap for kommunalt tilsette og ei kjelde til hjelp og rettleiing for alle innbyggjarane i kommunen.

Arbeid med kommunedelplan for kulturminne har handla om å samla inn relevant kunnskap, systematisera og tolka denne kunnskapen, framstilla den i tekst og på kart, avklara metodikk for verdsetjing og gje ei heilskapleg framstilling av dette i plandokumentet.

Handlingsprogrammet for dei neste fire åra er viktig og kjem fremst i plandokumentet. Handlingsprogrammet er kopla til planen sine mål, strategiar og prioriteringar. Planen omhandlar vidare ein gjennomgang av dei viktigaste formene og typane av kulturminne i kommunen, ein gjennomgang av kulturminnefeltet og ein oversikt over korleis planen skal følgjast opp.

Sjølve plandokumentet skal reviderast kvart fjerde år. Planen sin handlingsdel viser korleis planen skal følgjast opp, og denne skal rullerast årleg.

Kommunedelplanen skal ta føre seg kulturminne frå dei tidlegaste tider og fram til vår tid. Hovudvekta ligg likevel på faste kulturminne frå nyare tid. Vi har ganske mange slike kulturminne i Kvinnherad, og mange er alt registrerte. Men, vi manglar ein del informasjon, og nye registreringar må til for å få ei god oversikt over kulturminna frå nyare tid.

Planen skal vera ei hjelp til forvaltning av kulturminna, og då hovudsakleg dei faste kulturminna som ikkje har eit automatisk vern. Planen skildrar kulturminna, men med fokus på funksjon, tilstand og den rolla dei kan spela i utviklinga framover. Det gjeld historia slik ho vert aktualisert i samfunnsutviklinga vidare.

På bakgrunn av kunnskapen vi har tileigna oss i planprosessen må vi vurdere verdiane. Vi kan ikkje ta vare på alt, men vi må ta medvitne val om kva som er viktig å ta vare på. Slik kan vi sikra ei heilskapleg forvaltning av Kvinnherad kommune sine kulturminne.

For å sikra kulturminne og kulturmiljø etter plan- og bygningslova, må desse følgjast opp i reguleringsplanar, og takast med i kommuneplanen sin arealdel.

Planen skal og leggjast ut som ei nettside under «Kvinnherad2050». Sida skal innehalda heile kommunedelplanen, filmene som er laga, informasjon om kulturmynde med kontaktpersonar, og informasjon om kvar ein kan søkje om tilskot. Det skal vera ei side for alle - med informasjon, oversikt over kulturminne, lenkjer til Kulturminnesøk, SEFRAK-registeret, den kommunale biletbasen, kart og anna. Kommunedelplanen skal soleis vera ein levande plan.

### **Bakgrunn:**

Grunnlaget for planen er det vedtekne planprogrammet frå 2015. Dette planprogrammet, i lag med ynskje og mål frå regionale og nasjonale kulturmynde, er bakgrunnen for planarbeidet.

### **Lenkjer:**

[Film om rekkjetunet på Eikenes i Gjetingsdalen](#)

[Film om stølar og setrar i Kvinnherad](#)

[Film om sommarhuset på Dyrnes](#)

[Film som innleiing til kommunedelplan for kulturminne](#)

[Planstrategi for Kvinnherad kommune](#)

[Kulturminnelova](#)

[Vegleiar Riksantikvaren](#)

### **Økonomisk berekraft:**

Det er ikkje lagt inn finansiering for prosjekt eller arbeidsmål i planprogrammet for den komande planperioden. Arbeidsmåla er ein del av kommune sine oppgåver i kulturminneforvaltninga. Prosjekta elles er private prosjekt, og prosjekt eigd og drive av det regionale museet og av stiftingar. Desse er ikkje knytt til kommunale midlar i denne samanhengen.

### **Miljø og klima berekraft:**

Ivaretaking, vern og forvaltning av kulturminne og kulturmiljø vil venteleg vere med på å påverka miljø og klima positivt i åra som kjem. Ein brukar for det meste naturlege og klimavenlege material

og utstyr, og arbeidet vert utført med opphavleg handverk og restaureringsmåtar. Restaurering, vøling og skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø vil vere ein del av det lokale vernet av miljø og klima, og det vil være med på å halde på tradisjonar og haldningar som representerer alle dei bærekraftige måla som er gjeldande.

#### **Sosial berekraft:**

Trivsel, samarbeid, dugnad og identitet er folkehelse. Når vi tek vare på og forvaltar kulturminna og kulturlandskapa våre, er dette på alle måtar berekraftig og lønsamt, både sosialt og økonomisk. Det fører til at tilreisande kjem på besøk, det fører til at vi kan vidareutvikle næringar og til nytenking og spennande mindre prosjekt som blir ein ressurs for lokalsamfunn i kommunen.

#### **Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid**

Det er gjort ein stor innsats i samband med medverknad. Det er gjort etter retningslinjer og vegleiing i plansamanheng, frå Riksantikvaren og andre kulturmynde, og i samsvar med plan- og bygningslova.

Ein har henta inn, og samla innspel til planen frå lag og foreiningar, frå lokale ressurspersonar, og ein har henta informasjon frå bøker, nettsider og frå forvaltinga elles. All informasjon er teke omsyn til i planen, men ikkje alt er teke konkret med i planen eller handlingsprogrammet. Planen skal følgjast av eit kunnskapsgrunnlag som vert oppdatert kontinuerleg.

Planen skal vere eit utgangspunkt for vidare arbeid innan kulturminnefeltet, og slik og eit utgangspunkt for samarbeid med involverte om dei enkelte prosjekta i handlingsplana og med regionale og nasjonale kulturmynde i plansamanheng.

#### **Konklusjon**

Kommunedelplan for kulturminne 2021-2032 vert lagt ut til høyring i seks veker.

#### **Vedlegg:**

- Kommunedelplan for kulturminne 2021-2032, høyringsutkast
- Planprogram, jf. sak 2013/444-18
- Prosjektgruppe – kommunedelplan for kulturminne, sak 2019/3442-2
- Tabellar: Verdisetjing og prioritering av kulturminne og kulturmiljø